



Dok. ref.
20/829-44/K2-K12/8706

Dato:
15.11.2023

Møtereferat frå innspelsmøte med ulike organisasjonar 15.11.23

Møtetittel:	Innspelsmøte angående mogeleg utviding av Jotunheimen nasjonalpark
Møtedato:	15.11.2023
Møtetid:	12:30-14:00
Møteleiar	Stig Stark-Johansen
Møtestad:	Kommunestyresalen, Årdalstangen
Deltakarar:	<p>Organisasjonar: Årdalstangen idrettslag v/ Magne Knudsen, Jotun idrettslag v/ Audun Hestetun, Norsk Folkehjelp v/ Thorbjørn Haug, For folk og fjell v/ Albert Berveling, Anne-Stine Kvarstein, Svein Hove</p> <p>Frå Årdal kommune: Kommunedirektør Stig Stark-Johansen, tenesteleiar helse og folkehelsekoordinator Taryn Malkhassian, arealplanlegger Martin Ramsland Stensaker</p> <p>Frå Statsforvaltaren i Vestland: Halvor Røssum</p> <p>Invitert men ikkje møtt: Visit Årdal, Årdal turlag, Årdal jeger og fiskeforeining, stiftinga Utladalen Naturhus</p>
Kopi til:	

Referat:

Orientering frå kommunedirektør Stig Stark-Johansen:

Kommunedirektør Stig Stark-Johansen ynskte velkommen. Han orienterte om saksgangen så langt og kva som er blitt gjort i andre kommunar som har vore gjennom same prosess. Saka vil ikkje bli politisk handsama før jul; tidleg vår er aktuelt. Viktig sak, så ein bør ta seg god tid og være grundig. Han forklarte òg at dette er eit frivillig vern, og bør sjåast i samanheng med ein pågåande prosess om marint vern av Sognefjorden som ikkje er frivillig.

Presentasjon frå Statsforvaltaren v/ Halvor Røssum:

Halvor Røssum heldt ein presentasjon om bakgrunnen for oppdraget deira, kart av aktuelle utvidingsområde, konsekvensar av vern og den vidare prosessen. Han la fokus på at det må være lokal aksept i to omgangar; først om kommunen ønsker ein konsekvensutgreiing. Viss kommunen seier nei til dette blir prosessen avslutta. Viss kommunen seier ja går arbeidet vidare med ein konsekvensutgreiing i samarbeid med referansegrupper for ulike berørte



partar; interesseorganisasjonar, grunneigarar osv. Kunnskapen innhenta frå konsekvensutgreiinga vil danne grunnlaget for utforming av eit konkret verneforslag som kommunen igjen vil ha høve til å seie ja eller nei til.

Diskusjon og spørsmål/innspeil frå møtedeltakerne:

Motorferdsel:

Thorbjørn Haug fortalde at folkehjelpen opplever at Innlandet og Vestlandet opererer med ulike kriterium for godkjenning av motorferdsel med snøscooter, at det er ulik praksis angående om det definerast som kjentmannskøyting eller øvingskøyting. Dette opplever dei som vanskeleg å forhalde seg til, og søknadsprosessen er tungvint. Halvor Røssum svarte at dette er vanskeleg for han å svara på, men at han ikkje trur det er eit ønske at det skal vera slik, og at det gjennom konsekvensutgreiing og vidare verneprosess kan opnast for tilpassa dispensasjonsreglar for motorferdsel i verneforskrifta. Det blei også informert om at redningstenesta har ein del transportoppdrag frå jeger- og fiskeforeininga, og at dei ser utfordringar viss det viste kartet blir realisert. Martin Ramsland Stensaker spurde kva område spesifikt dette gjeld, Thorbjørn Haug svarte at det gjeld området aust for Mannsbergvatnet. Stig Stark-Johansen forklarte at dette området allereie er mykje utbygd og at det difor moglegvis er mindre aktuelt å inkludere.

Magne Knudsen er tidlegare lensmann og informerte om at dei har forholdt seg til ein plan for motorferdsel, og at det har vore eit ønske om å hjelpe folkehjelpen. Han sa det er like viktig at bl.a. Jotun IL har same kompetanse og også kan øvekøyre, at det er viktig at dei er kjende i området. Han har heller aldri opplevd at tillit misbrukes når det gjeld motorferdselsløyve. Halvor Røssum sa dette er veldig viktig, og at til dømes representantar frå redningstenesta bør være med i arbeidsgruppa viss det blir eit ja til konsekvensutgreiing, slik at ein kan forsøke å best mogleg leggje til rette for slik bruk. Magne Knudsen nemnde også at det er viktig at det er same reaksjon mot fritidskøyting i Vestland som i Innlandet; i dag er det billigare å bli tatt på Vestlandet, og det blir feil. Han sa også at det er stor skilnad på ferdsel mellom vinter og sommar, og at ein må ha godkjende løyper folk kan nytte seg av for motorisert ferdsel.

Svein Hove formidla at det er liv og helse det er snakk om, og at forholda i områda det er snakk om er ferskvare, at det forandrar seg raskt. Han var tidlegare leiar ved Hydro Energi og fortalte at dei hadde eit bra samarbeid med tilsynsmyndigheitene, slik at dei visste kven som hadde vore der og køyrt; han beskriv det som eit knirkefritt samarbeid som han trur kan halde fram.

Stigande skoggrense:

Taryn Malkhassian, Audun Hestetun og Martin Ramsland Stensaker lurte på korleis det er teke omsyn til at skoggrensa kryp oppover, sidan Statsforvaltaren har sagt at dei ikkje ønskjer å inkludere skog i verneområdet. Halvor Røssum svarte at områda som er vist på kartet som aktuelle utvidingsområde ikkje har teke omsyn til at skoggrensa kan stige, og at grunnen til at det ikkje er ønskeleg å inkludere skog er at det blir handtert gjennom ein annan type frivillig vern i samarbeid med grunneigarar.



Etablering av ny framtidig gardsdrift, jakt og fiske:

Taryn Malkhassian stilte spørsmål om det vil vere mogleg å etablere ny framtidig beitedrift, fiske og jakt. Halvor Røssum svarte at jakt og fiske skal vere mogleg (kanskje ikkje kommersiell drift) og at beite er lov. Han sa òg at det er bruken på vernetidspunktet som skal kunne halde fram når det gjeld gardsdrift. Taryn Malkhassian nemnde òg at Vestland skal vere ein jervfri sone, at dei skal kunne fellast så snart dei er sett, og lurte på korleis dette påverkas. Halvor Røssum svarte at dette framleis vil vere mogleg, men han var usikker på om det påverkar kva jaktmetode som vert tillate.

Tunnelar:

Stig Stark-Johansen tok opp temaet om tunnelar under verneområde. Det er eit stort nettverk av tunnelar i området, og han stilte spørsmål om dette er noko departementet er klar over og om det er teke omsyn til, og lurte på om dette er noko Statsforvaltaren har diskutert. Halvor Røssum svarte at dei ikkje har klarert dette enno, men at han noterer det og at problemstillinga bør takast vidare.

Stikking av skiløyper:

Audun Hestetun viste til søknadsprosess kor Folkehjelpen hadde søkt om kjentmannsrunde frå Murane i Fardalen, til Gravdalen i Utladalen, som tok omtrent eit halvt år å behandle, og at løyve nærast er nedpå kva dag det er tillate at det kan køyrast. Det uroar han at søknadsprosessen for løypestikking/preparering skal verte den same, at søknadsprosessen er for tungvint. Per i dag har dei fritt løyve til å utføre denne oppgåva i gjeldande område. Det fungerer ikkje at dei berre får løyve til å køyre spesifikke dagar, dei må ha ein periode, då det er variasjon i verforhold, kor mange turar dei har til stikking, og nøyaktig kor løypa blir liggande. Halvor Røssum svarte at det er Nasjonalparkstyret som sit med den daglege forvaltninga av området, og at det på generelt grunnlag er eit mål med smidig behandling av slike søknadar. Det blei avklart at det er område i Fardalen som Jotun IL har interesser i.

Dilemma mellom ynskje om fleire besøkande og slitasje i naturen:

Stig Stark-Johansen forklarte at det er eit dilemma at ein ved utviding av nasjonalparken ønsker å tilretteleggje for fleire besøkande som kan auke slitasje i naturen, samtidig som ein ønsker å verne sårbar natur. Anne-Stine Kvarstein nemnde døme på andre verneområde der ferdsel har ført til store slitasjeskader, og at ho har sett ein stor auke i ferdsel nokre plassar dei siste åra. Ho trur ikkje utviding av Jotunheimen vil føre til stor auke i turisme, då det i dag er så mange valmoglegheiter for stader som kan besøkast. Stig Stark-Johansen nemnde at det er ønskeleg å leggje til rette for styring av ferdsel med stiar og skilting, m.m. Halvor Røssum forklarte at temaet om auka ferdsel blei teke opp i Luster, og at måten dei tok spørsmålet vidare på er at det skal utgreiast vidare i konsekvensutgreiinga; om det er mogleg å få til betre besøksforvaltning, t.d. gjennom betre kanalisering av ferdsel.

Nasjonalparkstyre og lokal forvaltningsmodell:



Albert Berveling stilte spørsmål om det er ulik praksis blant ulike nasjonalparkstyrer. Stig Stark-Johansen svarte at styret er representert med ordførarar frå kommunane og at dei kan ha ulike meiningar, men at det også er ulik natur som gjer at det truleg ikkje er realistisk å ha lik praksis i ulike styrer. Halvor Røssum sa at lokale forskjellar er fornuftig. Albert Berveling nemnde at det kan vere eit mogleg dilemma at nasjonalparkstyret består av ordførarar frå forskjellige kommunar med ulike interesser og meiningar. Stig Stark-Johansen svarte at vestsida (Årdal og Luster) er representert med færre politikarar, og at østsida dermed stiller sterkt. Anne-Stine Kvarstein spurde om det er mogleg at nasjonalparken blir delt inn i soner med ulik forvaltning. Halvor Røssum svarte at det ligg utanfor mandatet til denne prosessen.

Avslutning:

Svein Hove og Albert Berveling understreka at eit tankekors med varig vern er at ein vernar for etterkommarane si skuld, at ein bør tenkje på komande generasjonar.

Stig Stark-Johansen fortalte at kven som skal sitje i ein eventuell utgreiing er viktig, at lokale aktørar må vere med; flest mogleg representantar bør vere med, både frå næring, fritid og andre interesser. Til slutt formidla han at det er ønskjeleg at møtedeltakarane kjem med skriftlege innspel om saka.

Martin Ramsland Stensaker
Kommuneplanleggjar